



Landbruksdepartementet

Dykkar ref.

Vår ref.

15/77-2/TI-&13

Dato:

13.01.2015

Framlegg om oppheving av konsesjonslov og buplikt - uttale frå Selje kommune

Selje kommune ynskjer å gje følgjande uttale til framlegget frå regjeringa:

Konsesjonslova har vore ei viktig lov for Selje kommune. Den har vore aktivt brukt for å sikre busetnad på dei bruka den gjeld for og lova har vore brukt til å styre mot ein meir rasjonell bruksstruktur i landbruket. Kommunen ser negative konsekvensar av å fjerne eit så omfattande regelverk utan at det vert erstatta av eit nytt. Selje kommune er i mot at konsesjonslova vert oppheva og ser heller ein heilskapleg gjennomgang av eigedomslovverket med sikte på forbetringar til beste for busetnad og landbruksnæringa i kommunen. Stortinget har vedteke at sjølvforsyninga skal aukast i takt med folkeveksten. Regjeringa har som mål høgast mogleg sjølvforsyning. Å fjerne konsesjonslova legg til rette for investorar med andre intensjonar enn matproduksjon. På denne bakgrunn vert det heilt feil å fjerne rammeverket som gjer det mogleg å nytte alt jordbruksareal over heile landet til å produsere trygg og god norsk mat – og til å auke matproduksjonen i tråd med Stortinget sine vedtak. Å fjerne konsesjonsloven vil kunne opne for eit selskapslandbruk der industri, matvarekjedene eller andre selskap kan både eige jorda og garden. Erfaring frå andre land viser at både mattryggleik, dyrevelferd, miljø og folk sine arbeidsvilkår lett blir salderingspost når selskapsjordbruket tek over.

Konsesjonslova sitt innhald:

Konsesjonslova skal sikre:

- eit effektivt vern av landbruket sine produksjonsareal
- eigar- og bruksforhold som er mest tenlege for samfunnet
- ei forsvarleg prisutvikling, slik at det er mogleg å kjøpe ein landbrukseigedom og forsvare kapitalkostnaden gjennom vanleg landbruksdrift
- busetting, gjennom buplikt for landbrukseigedom over ein viss storleik.

Ei oppheving av konsesjonslova medfører mellom anna at styresmaktene mister følgjande moglegheiter til:

1. Å styre omsetninga av produksjonsareal og ressursgrunnlag, herunder:
 - Eigarform (personlig, selskap, stiftelse, personlege sameige m.m.)
 - Kven som kan eige (bønder, investorar, matvarekjeder, m.m.)
 - Kva areala skal nyttast til (matproduksjon, tilleggsjord, utbygging, bustad, m.m.)
 - Arronderingsomsyn (transportavstandar, teigblanding, m.m.)
 - Bruksstruktur
2. Buplikt og andre typar busettingsomsyn
Buplikta er eit viktig distriktspolitisk verkemiddel. Busetting på gardsbruk vil kunne bli påverka negativt ved avvikling av buplikt. Her i vårt området vil dette ha mykje å seie då vi er ei kommune som har nedgang i folketalet.
3. Å sette null-konsesjonsgrense.
4. Priskontroll ved kjøp av landbruksressursar (jord, skog og utmark, og bygningar).
Ei konsesjonslov med framleis høve til priskontroll kan vere med å sikre ei forsvarleg prisutvikling. Å kunne erverve landbrukseigedom til ein pris som er driftsmessig forsvarleg, er vesentleg for å sikre rekruttering.
Ved å fjerne fleire av krava for å kunne eige jord vil det i området nærme tettstadane bli lagt opp til ein priskonkurranse som unge bønder ikkje har høve til å vinne. Utan prisregulering vil utbyggingsinteresser, investorar og andre vere med å drive opp prisen på matjord, ut frå plan om å nytte areala til heilt andre formål.
5. Å sette vilkår for kjøp av eigdommen.

Med helsing

Ottar Nygård
Ordførar
sign.